



2

Statens vegvesen

Jarle Landa
Nedre Sæbø 8
5454 SÆBØVIK

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/022744-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.02.2015

Avslag på søknad om avkjørsle og dispensasjon fra byggegrense - Fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune

Vi viser til søknad motteke 20.02.2015
Tilsvarande søknad vart handsama i 2007.

Avkjørsle

Fv: 544 hp: 3 km: 0,690

Søknaden gjeld avkjørsle for tilkomst - bruksendring til bustad og påbygg til bustad , gnr. 193 bnr. 33 i Kvinnherad kommune.

Tekniske opplysningar:

Eksisterande avkjørsle tilfredsstillar ikkje dagens krav til avkjørsle. Når Statens vegvesen skal vurdere søknad om avkjørsle, legg me til grunn avkjørsle sin svingradius, frisikt og stigning. I tillegg skal det vera snuareal på eigen eigedom, slik at bil ikkje skal rygge inn eller ut på fylkesvegen. Her skal avkjørsle brukast av personbil og vil derfor få ein svingradius på 4 meter. Frisikt vert vurdert utifrå fartsnivaet på fylkesvegen. Dagens fartsgrense er 30 km/t. Frisikt skal målast frå vegkant/kvit stripe og 3 meter inn i avkjørsle. Langs fylkesvegen skal det målast 20 meter frå midt avkjørsle.

Langs fylkesvegen er det overkjørbar gang-/sykkelfelt, markert med stipla kvit linje, slik at fylkesvegen vert vurdert som ein 1-feltsveg.

ÅDT = 1800 (2013 tal)



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Rammeplanen:

I “Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegranser” er fv.544 ført opp med haldningsklasse 2 (gul), som er ein streng haldningsklasse.

HALDNINGSKLASSE 2 (GUL)

Avkøyrslar


- Taket på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld òg for driftsavkøyrslar
- Hovudavkøyrslar til gardsbruk bør kunne godkjennast når den oppfyller dei tekniske krava
- Nye avkøyrslar bør ikkje godkjennast utan at det føreligg stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing, eller etter veglova. Val av stad for avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrslar blir nytta av fleire

Kommunen sin arealplan.

Eigedomen ligg like utanfor reguleringsplanen for Søbøvik og mellom reguleringsplanen for utvida fylkesveg (vedteken 2005). Reguleringsplanen for fylkesvegen gjer også inngrep i det som er i dag er brukt til parkering. Eigedomen er såleis inneklemt mellom to reguleringsplanar, og ingen av dei har vist løysing med omsyn til avkøyrslar.



Utsnitt av kommunedelplanen



Utsnitt av reguleringsplanar

Tiltakshavar sine merknadar til saka:

Bygget er pr idag eit forretningslokale/butikk, plasseringa er lite eigna til dette. Det søkes derfor om bruksendring til bustadformål, ein eller to leiligheitar. I den forbindelse ønskes det å bygge på ein etasje, det er kun høgda som blir forandra på sjølve bygget. Derfor blir ingen endring synleg i detaljkart.

Det er ikkje planlagt ny avkjørsel, men eksisterande kan tilpassast evt. krav. Det er 30-sone med fartshumper i strekningen forbi bygningen.

Å bruke bygningen som bustad vil gi mindre trafikk til og fra eiendommen enn om den brukast som butikk.

Vegvesenet si vurdering av saka:

Den eksisterande avkøyrslar/parkeringsplass oppfyller ikkje dagens krav. Det har vore stor auke i trafikken forbi det omsøkte området etter opning av Halsnøysambandet.

Dei tekniske krava til avkøyrslar som er nemnt ovanfor er ufråvikelege, og dersom avkøyrslar ikkje kan utførast etter desse krava kan det ikkje påreknast godkjenning.

For at vegvesenet skal kunne gje løyve til bruksendring og påbygg må eit godkjent alternativ til adkomst ligga føre. Vegtilkomst frå sjøsida av eigendomen vil vera eit betre alternativ for tilkomst til det omsøkte tiltaket.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om avkjørsle.

Grunngjeving:

Den eksisterande avkjørsla/parkeringsplass oppfyller ikkje dagens krav og vi kan heller ikkje sjå at det er mogeleg å få dette til ut i frå det som er beskrive i søknaden.

Vedtaket kan påklagast.

Dispensasjon frå byggjegrense

Fv: 544 hp: 3 km: 0,690

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggjegrense bruksendring til bustad og påbygg til bustad , gnr. 193 bnr. 33 i Kvinnherad kommune.

Tekniske opplysningar:

Omsøkte byggjeavstand frå eksisterende bygg er 9 meter frå midte eksisterande fylkesveg, men då er ikkje oppmerka gang-/sykkelfelt teke med.


Det føreligg ikkje reguleringsplan for tiltaket. Eigedomen ligg like utanfor reguleringsplanen for Søbøvik og mellom reguleringsplanen for utvida fylkesveg (vedteken 2005)

Rammeplanen:

I "Rammeplanen for avkjørslar og byggjegranser" er fv.544 ført opp med haldningsklasse 2 (gul), som er ein streng haldningsklasse.

Byggjegranser

- Byggjegranser 50 meter
- Viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon)
- Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein Reguleringsplan



Kartutsnitt

Tiltakshavar sine merknadar til saka:

Det søkes derfor om bruksendring til bustadformål, ein eller to leiligheitar. I den forbindelse ønskes det å bygge på ein etasje, det er kun høgda som blir forandra på sjøve bygget. Derfor blir ingen endring synleg i detaljkart. Å bruke bygningen som bustad vil gi mindre trafikk til og fra eiendommen enn om den brukast som butikk.

Vegvesenet si vurdering av saka:

Statens vegvesen har vurdert dispensasjon frå byggjegrensa til tiltaket, og kunne gje dispensasjon under føresetnad at tiltaket følgjer opp krava i TEK 10. Bygget ville ikkje koma nærare fylkesvegen enn andre bygg i området. Men for at vegvesenet skal kunne gje løyve til bruksendring og påbygg må eit godkjent alternativ til adkomst ligga føre.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek vegvesenet å avslå søknad om bruksendring og påbygg.

Grunngjeving:

Tiltaket må ha eit godkjent alternativ til adkomst og parkering.

Klagerett

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 ROSENDAL
Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd., Postboks 7900, 5020 BERGEN